

STYREMØTE ØVHK 2. JUNI 2009

Oppmøtte: Hildegunn Bondhus, Ingrid Hesjadalen, Ingunn Boye Olsen, Per Gunnar Engestrøen og Linn Wangen Mork.

SAK 1: Kvalp/unghundkurset: Kasserar Per Gunnar fekk timeliste for utbetaling til kursholdar Mari Strand og hjelparane Hildegunn Bondhus og Sveinar Kleive. Mari har brukt 28 timar og Sveinar og Hildegunn 9 timar kvar. Styret har fått [infobrev](#) frå kursansvarlig Mari Strand, styret har bestemt at det må vere rom for å melde seg på kurs etter at fristen har gått ut, men ikkje etter at kurset har starta, då det er viktig å få med første kursdag som er teori.

SAK 2: Tysdagstrening: Det vart bestemt at ein skal lage ein mal for korleis tysdagtreninga skal vere. Forslag som kom var: 1. Tannvisning og helse medan ein trenar på at hunden sit roleg ved førar. 2. Passering og møtetrening. "Tysdagsinstruktørane" skal møtast tidleg i haust for å legge ein plan for tysdagstreningane, slik det vert ein raud tråd i treningane.

SAK 3: Fellesturar: Det vart bestemt at ein skal prøve å ha fellestur ein gong per måned. Neste fellestur vert mandag 22. juni, med oppmøte i Fonna. Turen går på skogsvegen som startar like over Fonna Stadion i Ørsta.

SAK 4: Sommaravslutning: Sommaravslutninga vert i parken ved ungdomsskulen i Ørsta tysdag 16. juni. Det vert då grilling og sosialt samvære.

SAK 5: Ønske om utstillingskurs: Linn har sagt seg villig til å holde utstillingskurs. Kjem tilbake til tidspunkt.

SAK 6: Stemnet 5. september: Premiar: Linn kjøper inn 20 "kvalpetepper". Sjekke på NKK-Tr.heim vedr. BIR-BIM bånd.

Ein treng folk som kan stille opp og hjelpe til på stemnedagen, styret satt opp fylgjande dugnadsliste. Namn med * bak må spørrest om dei kan stille.

Kvalperingen: Ringsekretær: Linn Wangen Mork
Skrivar: Wenche Osborg

LP-ringen: Ringsekretær: Sveinar Kleive*
Skrivar: Renate Jensen*

AG-Ringen: Sekretariatet: Frode Hammer og Frode Grande
Ringsekretær: Per Gunnar Engetrøen
Tidtakarar: Marit Nyttun* og Ingrid Hesjadalen
Banemannskap: Petter og Celine*, Per Johan Gamlem*, Vibecke Carlsson*,
Kirsti Wollmann*, Leif Homberset*.

Sekretariatet: Mari Strand* og Hildegunn Bondhus.

Ustillingsleder: Hildegunn Bondhus

Kjøkkenet: Sølvi Karin Moe, Kari Slettevoll*

Klubben vil kjøpe inn ein gassgrill for å bruke til stemnet og sommaravslutninga. Per Gunnar Engetrøen ordnar.

Neste styremøte vert tysdag 18. august kl 1930 på Bondhus Trafikkskule.

Referent: L.W.M.